
Saksnr: 2020/37649-5
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av punkt 5 b i forvaltningsrevisjon internkontroll av Bybanen utbygging til møte i utvalet 17.02.2021.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på dette punktet for å få på plass forbetring.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 27.01.2021.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si tredje oppfølging av vedtak gjort i fylkestinget 01.10.2019 av forvaltningsrevisjonsrapport internkontroll i Bybanen utbygging.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon Bybanen Utbygging - oppfølging av vedtak i kontrollutvalet
- 2 Vedlegg 1. Betalingsplan VA 2020-2021
- 3 Vedlegg 2. ST 34-02 Prosedyre for fakturering i hht kostnadsfordelingsavtalar
- 4 Vedlegg 3. St 34-01 Vidarefakturering av endringar - prosedyre
- 5 Vedlegg 4. Rapportering og fakturering for sykkelstamvegen
- 6 Vedlegg 5. Innkjøp BU, grunnlagsrapport 2020
- 7 Vedlegg 6. Overtakelsesprotokoll Bane NOR

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 68/19 i møte 01.10.2019:

«På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon av Bybanen Utbygging ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. At det vert utarbeidd skriftlege rutinar knytt til:
 - a. dei ulike oppgåvene som inngår i hovudprosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem, og
 - b. dei delane av anskaffingsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar.
2. Etablere systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nytta i samsvar med intensjonen.
3. Sørge for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinn, under dette oversikt over kva utgifter dei ulike involverte aktørane skal betale for, samt rutinar for å berekne dei kostnadar som skal vidarefakturerast og når kostnadane skal betalast inn.
4. Evaluere prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4, og gjennomfører analysar av om det i samband med inngåing av denne type kontraktar finst relevant forbetringpunkt det er viktig at BU tek omsyn til i seinare prosessar for inngåing av tilsvarende kontraktar.
5. At det vert arbeidd vidare med å løyse utfordringane når det gjeld samhandling med Bane NOR og oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumentsenetert i Hordaland fylkeskommune.
6. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen har vore behandla i kontrollutvalet ved to tidlegare høve, der det i møte 15.06.2020 vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av punkta 3, 4 og 5 i forvaltningsrevisjon internkontroll av Bybanen utbygging til møte i utvalet 25.11.2020.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på kvart punkt for å få på plass forbetringane.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 04.11.2020.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke vedlagte notat, inkludert 6 vedlegg, dagsett 02.11.2020, frå fylkesrådmannen. Det inneheld status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll i Bybanen utbygging. Av notatet går det fram at dei fleste av forbetningsprosessane for å bidra til betring på området no er ferdig gjennomført. Det går likevel fram av notatet at når det gjeld forbetningsarbeidet for punkt 5 b vil ein koma attende med konkrete rutinar utan at det er tidfesta når det vil skje.

På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet be om å få ny skriftleg tilbakemelding på status på oppfølging av punkt 5 b i forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet 17.02.2021.

Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på dette punktet for å få på plass forbetring.

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status på oppfølging av punkt 5 b i denne forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet 17.02.2021. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på dette punktet for å få på plass forbetring.